



STRYN KOMMUNE

Godkjent av kommunestyret

26.03.2017



KOMMUNEDELPLAN

Trafikktrygging og samferdsle

INNHALD

1. Innleiing.....	3
1.1 Bakgrunn.....	3
1.2 Lovgrunnlag	4
1.3 Formål med planarbeidet	4
2. Føringer	5
2.1 Nasjonale føringer	5
2.2 Regionale føringer – investering, drift, tilskot.....	5
2.3 Kommunale planer	6
3. Viktige utfordringar.....	7
4. Planprosessen	8
4.1 Organisering.....	8
4.2 Medverknad.....	9
4.3 Framdrift av planprosessen	10

1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Ein operativ trafikktryggingsplan er meint å vere eit systematisk verktøy for kommunen for å kunne gje ei riktig oversikt over aktivitetar, tiltak og ulykkesbilete i kommunen. Og i tillegg vise ein prioritert og oppdatert oversikt over alle fysiske-, trafikantretta og organisatoriske trafiksikkerheitstiltak som skal gjennomførast i perioden.

Trafikkulykker utgjer ein vesentleg helserisiko og gjev store samfunnsøkonomiske kostnader kvart år. Å redusere talet på trafikkulykker og skadde i trafikken er såleis eit viktig mål i all kommunal planlegging. Eit verkemiddel i dette arbeidet er kommunedelplanen for Trafikktrygging og samferdsle.

Gjeldande kommunedelplan for Trafikktrygging og samferdsle for Stryn kommune vart godkjent i kommunestyret den 28.03.2017, gjeldande for 2017-2020, og med føringar for hovudrevisjon hausten 2020.

Arbeidet med kommunal planstrategi for 2020 er starta opp. Planstrategien blir lagt fram for vedtak sommaren 2020. Kommunedirektøren tilrår at revisjon av kommunedelplan for Trafikktrygging og samferdsle blir gjennomført i 2020.

Det er også eit krav frå fylkeskommunen at kommunen/søkjar har ei godkjent trafikktryggingsplan ved søknader om tilskot på trafikktryggingstiltak.

Det er viktig å få revidert planen med sikte på vidareføring av intensjonen i tidlegare plan, implementering av nye føringar frå statleg og regionalt nivå, og for å vurdere effekten av gjennomførte tiltak. I denne planen vil føringar som tryggleik, folkehelseperspektiv og krav til universell utforming bli meir vektlagt. Nye behov vert registrert og kjem som grunnlag for tiltak og prioriteringar i planen. Den reviderte kommunedelplanen vil verte gjeldande frå 2021.

Tidlegare plan hadde desse hovudmåla:

- å gje ei oversikt over trafikkfarlege stader i kommunen og prioritere anleggstiltak
- å setje fokus på haldningsskapande arbeid
- prioritering av rassikring på fylkesvegnettet
- prioritering av øvrige investeringstiltak på fylkesvegnettet
- opplysning om flaskehalsar på fylkesvegnettet
- prioritering av gang- og sykkelveggar

Barn, unge, eldre og menneske med redusert funksjonsevne vil bli trekt inn i trafikktryggingsarbeidet for å sikre eit godt og tenleg vegsystem for alle. Og gjennom medverknad sikre at dei kommunale ressursane til trafikktrygging blir sett inn der dei gjev størst effekt. Prioriteringar som trygge skuleveggar og gang-/sykkelveggar til fritidsaktivitetar for barn og unge vil framleis ha prioritet.

1.2 Lovgrunnlag

I samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 4-1 skal planprogrammet vere eit verktøy for å sikre tidleg medverknad og avklaringar av viktige omsyn som må takast i planarbeidet. Planprogrammet skal angje formålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar/utredningsbehov og skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført.

Forslag til planprogram vert sendt ut til høyring og offentleg ettersyn samstundes med varsel om oppstart, jmf. pbl. § 4-1. Stryn kommune oppfordrar alle interesserte til å kome med innspel og synspunkt til planprogrammet gjennom offentleg høyring, før planprogrammet vert fastsett av kommunestyret.

Utarbeiding av kommunedelplan for Trafikktrygging og samferdsle vil ikkje i seg sjølv utløyse krav om konsekvensutgreiing etter forskrift i pbl §§ 2, 3 og 4. Tiltak i planen vil ha sin avklaring gjennom kommuneplanen sin arealdel og/eller reguleringsplan før gjennomføring.

1.3 Formål med planarbeidet

Arbeidet med kommunedelplan for Trafikktrygging og samferdsle er ei revidering av tidlegare plan. Den reviderte planen vil gjelde for perioden 2020-2024, og vil byggje på og dra med seg viktige moment frå tidlegare plan.

Utarbeiding av kommunedelplan for Trafikktrygging og samferdsle er ikkje lovpålagd. Men fylkeskommunen løyver årleg midlar til ulike trafikktryggingstiltak og stiller følgjande krav for tildeling av TIK-midlar:

- Kommunal trafikktryggingssplan kan ikkje vere meir enn fire år gammal, dvs. revisjon kvart 4.år. Ved revisjon av Kommunedelplan for Trafikktrygging og samferdsle bør Statens vegvesen si Håndbok V722 Kommunale trafiksikkerhetsplaner eller tilsvarande, ligge til grunn for arbeidet. I tillegg har kommunen motteke mal frå Trygg Trafikk som eksempel på komunal trafiksikkerheitsplan, som vil verte vurdert brukt som deler av mal ved utarbeiding av den nye planen.
- Kommunar som ikkje stettar krava om godkjent kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle, vil berre ha høve til å søkje om tilskot til tiltaket innanfor ordninga "Tilskot til utarbeiding av kommunal trafikktryggingssplanar".

Ei rekkje lover og forskrifter har innverknad på trafikktrygginga og vegane. Følgjande lover er dei viktigaste:

- **Plan og bygningslova** legg det juridiske grunnlaget for kommuneplanlegginga. Same lov er også viktig for gjennomføring av fysiske tiltak.
- **Vegtrafikklova** med tilhøyrande forskrifter og utfyllande reglar dannar grunnlaget for svært mange trafikktryggingstiltak, skilt, trafikkopplæring, krav til køyretøy osv.
- **Veglova** omfattar dei generelle krava til trafikktrygging m.a. heimel til fastsetting av standarden på vegnettet.
- **Forskrift om ny politivedtekt for Stryn kommune**, av 10.12.1997, mellom anna kapittel III - Sikring av ferdsla.

Statens Vegvesen har elles utarbeidd ei rekkje handbøker, mellom anna vegnormalane, der krav til bygging/drift av vegnettet er sett opp.

Den reviderte planen skal erstatte noverande plan fullt ut og skal innehalde alle relevante faktaopplysningar og eit godt gjennomarbeida kartgrunnlag, registreringar og gode tiltaksplanar for utvikling og sikring av trafikken.

2. FØRINGAR

2.1 Nasjonale føringar

Trafikktryggingsarbeidet i Norge er organisert på tre nivå: nasjonalt, regionalt og lokalt.

På nasjonalt nivå er det Samferdsledepartementet som styrer trafikktryggingsarbeidet gjennom Nasjonal transportplan (NTP). Dei fem hovedaktørane som skal følgje opp regjeringa sin politikk på dette området er Statens Vegvesen, Politiet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet og organisasjonen Trygg Trafikk.

Nasjonal transportplan (NTP) 2021-2033 er ein strategisk plan for utvikling av den samla statlege infrastrukturen.

Nullvisjon:

Stortinget vedtok i samband med behandlinga av Nasjonal transportplan for 2002-2011 «ein visjon om eit transportsystem som ikkje fører til tap av liv eller varig skade» - Nullvisjonen. Den er seinare vektlagt både i Nasjonal transportplan og i dei årlege statsbudsjetta.

Nullvisjonen er både ein etisk vegvisar og ei retningslinje for det vidare trafikksikkerheitsarbeidet i Norge. Dette innebær blant anna at transportsystemet, transportmidlane og regelverket for adferd skal utformast på ein måte som fremjar trafikksikker atferd hos trafikantane, og i mest mogeleg grad medvirkar til at menneskelege feilhandlingar ikkje fører til alvorlege skader eller død.

Som eit skritt i retning av nullvisjonen har regjeringa i Nasjonal transportplan sett som mål at talet på drepte og hardt skada i trafikken skal reduserast med minst ein tredel innan 2020.

2.2 Regionale føringar – investering, drift, tilskot

For fylkesvegar har fylkeskommunen ulike ordningar for tiltak. For fylkesvegnettet er det fullt ut eit fylkeskommunalt ansvar, og når tiltak er kome inn på investeringsprogrammet, kan kommunen søkje om å forskottere.

Når det gjeld dei gamle fylkesvegane er det to ordningar for deling av kostnadane:

- **Investeringsmidlar**
Gjeld mindre tiltak som forsterking og utbetring av fylkesveg. Ordninga rettar seg mot kommunane og Vestland fylke handterer søknadsprosessen. Vedtaksmynde er Samferdselsutvalet.
- **Driftsmidlar**
Gjeld trafikktryggingstiltak både på fylkesvegar og kommunale vegar. Stort sett har det vore bygging av gang- og sykkelvegar langs fylkesveg og ulike sikringstiltak på kommunal veg. Ordninga rettar seg mot kommunane og frå 01.01.2020 er det Vestland fylke som handterer søknadsprosessen. Vedtaksmynde er Fylkestrafikktryggingutvalet for mindre tiltak og Samferdselsutvalet for større tiltak.

I tillegg har fylkeskommunen ei ordning for trafikktrygging i regi av frivillege lag, organisasjonar, FAU, skular ol. Der dei kan søkje om driftsmidlar. Dette er ei ordning som rettar seg mot mindre tiltak, øvre grense er sett til 30 000 kroner. Søknadane vert handtert av fylkesadministrasjonen og vedtaksmynde er Fylkestrafikktryggingutvalet. Fylkeskommunen deler også ut refleks og refleksvestar til skular, barnehagar ol. på forespurnad.

2.3 Kommunale planer

Barn og unge er eit hovudfokus i nasjonalt og regionalt trafikksikringsarbeid. Trygging av barn sin skuleveg involverer mange aktørar, og det er viktig å førebygge ulykker og frykt, ved at barn i ung alder får gode haldningar. Trygge oppvekstforhold for barn og unge er viktig satsingsområde i kommunen og arbeidet med trafikksikring må ha fokus på dette. Viser her til Kommuneplanen sin samfunnsdel kap. 8 Samferdsle og infrastruktur og til Kommunedelplanar/Kommuneplanen sin arealdel (der nye gang- og sykkelvegar er lagt inn).

Gjennomføring av trafikktryggingstiltak på kommune- og fylkesvegar kan oppnå tilskot frå dei fylkeskommunale stønadsordningane til trafikktryggingstiltak. Ei ordning som føreset at kommune/andre sjølv dekkjer 50 % eller meir av kostnadane. Det er såleis avgjerande at det vert sett av midlar til dette i dei årlege kommunale budsjetta. Her er det såleis mogeleg, gjennom søknad, å få aktivert midlar dersom kommunen dekkjer sin del av finansieringa.

Folkehelseperspektivet skal ivaretakast i all kommunal planlegging og skal etter plan- og bygningslova fremje befolkninga si helse og motverke sosiale helseforskjellar.

Universell utforming er nedfelt i plan- og bygningslova si formålsparagraf § 1, og er eitt av fire hovudmål i NTP 2021-2033.

Styrande dokument og planer etter plan- og bygningslova skal gjere greie for korleis universell utforming vert ivareteken.

Det må gjennom planarbeidet også avklarast om Stryn kommune vil bli såkalla «trafikksikker kommune».

Trygg Trafikk inviterte i 2018 alle kommunane i Sogn og Fjordane om dette, som er ei godkjenningsordning som Trygg Trafikk har utvikla som hjelper kommunane i eit systematisk arbeid for eit tryggare lokalsamfunn.

For å lykkast må alle dei kommunale etatane involverast i arbeidet og den enkelte etatsleiar ta sitt delansvar. Arbeidet må forankrast i den politiske og administrative leiinga.

3. VIKTIGE UTFORDRINGAR

Planen for Trafikktrygging og samferdsle skal bidra til å betre vilkåra for alle som ferdast i trafikken.

God tilrettelegging i sentrumsområda for gåande og syklende med klart skilje mellom areal for gåande og køyrande, trygge kryssingspunkt, lett tilgjengelege snarvegar for gåande inkl. supplering av manglande deler i vegnettet er prioriteringar som vert tekne med vidare frå gjeldande plan.

Det må vidare avklarast kva som skal leggst til grunn ved prioriteringar av tiltaka for bygging av nye gang-/sykkelvegar langs eksist. vegar.

Her er mange forhold som kan ha medverknad til desse prioriteringane (trafikkmengde, vegklasse/type veg, fartsgrense, skuleveg/skuleskyss, ulykkesstatistikk, veglys m.m.)

Andre tilhøve som må takast med i planen:

- Risikoadferd i trafikken
 - Fart
 - Rus
 - Bilbeltebruk
- Befolkningsgrupper (barn, ungdom, eldre og funksjonshemma)
 - Barn
 - Ungdom og unge førarar
 - Eldre trafikantar og trafikantar med funksjonsnedsetjing
- Trafikantgrupper/køyrerøygrupper (gåande, syklende, mc og moped, tunge køyrerøy)
 - Gåande og syklende
 - Motorsykel og moped
- Køyrerøyteknologi
- Systematisk trafikksikkerheitsarbeid i offentleg og privat sektor
- Fysiske trafikksikkerheitstiltak
- Økonomi / prioritering av tiltak-handlingsprogram
- Evaluering / rullering

- Haldningsskapande arbeid, samarbeid med andre
- Fartsgrense
- Veglys
- Vedlikehald av vegar i trafikktryggingsperspektiv

- Kryssingspunkt
- Ulykkesstatistikk, kart
- Universell utforming

Her er registrert punkt på vegnettet som krev tiltak for trafikktryggingstiltak/tilpassing til universell utforming.

TS-inspeksjon av Miljøgata gjennom Stryn sentrum vart gjennomført i 2013, og avdekka behov for utbetring av:

- For lite sikt til gangfelt og fortau
- For bratte rampar ned til/opp frå gangfelta
- Behov for betre belysning
- Intensivbelysning av kryssingspunkta
- Regulering av sidevegar

Statens vegvesen har laga forprosjekt for tiltak som vedkjem dette, både kortsiktige og langsiktige.

NTP (Nasjonal transportplan) / RTP (Regional transportplan)

Stryn kommune skal i planperioden gje innspel til Statens vegvesen / Vestland Fylkeskommune vedkomande kommunale prioriteringar for :

- prioritering av rassikring på fylkesvegnettet
- prioritering av øvrige investeringstiltak på fylkesvegnettet
- evt. supplerande opplysningar om flaskehalsar på fylkesvegnettet
- prioritering av gang- og sykkelvegar

Tidsfrist for desse innspela er pr. i dag ikkje klarlagt.

4. PLANPROSESSEN

4.1 Organisering

Planen for Trafikktrygging og samferdsle skal inngå i det kommunale plansystemet som ein tematisk kommunedelplan.

Planen skal godkjennast i kommunestyret og handlingsprogrammet i planen skal tilpassast til avsette midlar til tiltak i økonomiplanen og årsbudsjett for planperioden, samt sikre moglege tilskot frå fylkeskommunale trafikktryggingmidlar.

For arbeidet med planen er det oppnemnd ei prosjektgruppe og ei styringsgruppe. Prosjektgruppa skal kartlegge og setje fokus på kva som skal vere fyrsteprioriteringar i handlingsprogrammet for planen 2017-2020. Gruppa består av:

- Teknisk sjef, Jan Flore
- Avd.leiar kommunalteknikk, Sigurd Muldsvor
- Prosjekting., Tor Guddal
- Leiar sektorutval for tekniske saker, Silje Aasnes Skarstein

Formannskapet vil vere styringsgruppe for planarbeidet som kommuneplanutval.

4.2 Medverknad

I arbeidet med planen vil det vere fokus på å oppfylle krav til medverknad frå lokalsamfunnet, spesielt med vekt på barn, unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Målsetjinga er at innbyggjarane i kommunen skal gje verdifulle innspel i planprosessen og hjelpe til med kartlegging av trafikktryggingssproblem. I følgje plan- og bygningslova har kommunane eit særskilt ansvar for medverknad frå dei yngste, der kommunen vil nytte seg av tilbakemeldingar frå barnehagar, skular, ungdomsrådet og frå administrasjonen til skule-/kultur.

Det vert lagt opp til informasjon og mogelegheiter for innspel til planprogrammet på fylgjande måte:

- Varsel om oppstart vert annonsert og planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 11-13. Det vert mogeleg å kome med innspel til planarbeidet generelt. Alle merknadane som kjem inn innan fristen vert teke med i kommunen si vurdering.
- Kommunedelplanen vil vere gjenstand for høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 11-14 med mogelegheiter for å kome med innspel innan 6 vekers høyringsfrist. Innkomne innspel vert vurderte av arbeidsgruppa og kommentert i saksframlegget i samband med politisk handsaming/vedtak av planen.
- Kommunen får gjennom året inn ein del innspel, synspunkt, merknader og krav vedkomande trafikktrygging. Det som har kome inn siste åra, vil bli tekne med og vurdert i planarbeidet.

Planprogrammet vert sendt til:

Statens vegvesen

Fylkesmannen i Vestland

Sogn og Fjordane Fylkeskommune Samferdsleavdelinga

Trygg Trafikk avd. Vestland

Firda Billag AS

Politiet v/Stryn Lensmannskontor

Stryn Ungdomsråd

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Stryn kommune v/folkehelsekoordinator

Kommunelegen i Stryn

Stryn kommune skule-/kultursjef, med vidareformidling til skular og barnehagar i kommunen

AnnONSE i lokalavisa Fjordingen

AnnONSE/informasjON på heimesida til Stryn kommune

4.3 Framdrift av planprosessen

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
Mars 2020	Utarbeiding av forslag til planprogram	Tekn.etat
7.mai 2020	Vedtak om oppstart av kommunedelplan for Trafikktrygging og samferdsle og utlegging av planprogram	Formannskapet
Mai 2020	Offentleggjing av oppstart - Planprogram sendast ut på høyring – 6 veker	Tekn.etat
30.juni 2020	Frist for innspel til planprogram	Tekn.etat
Aug. 2020	Handsaming av innspel til planprogrammet	Tekn.etat
24.sept. 2020	Fastsetjing av planprogrammet	Kommunestyret
Okt. 2020	Arbeid med kommunedelplanen	Tekn.etat
5.nov. 2020	Vedtak om utlegging av kommunedelplanen til offentleg ettersyn	Formannskapet
Nov./des. 2020	Offentleg ettersyn - 6 veker	Tekn.etat
Januar 2021	Innarbeiding av merknader, ferdigstilling av kommunedelplanen	Tekn.etat
Januar / Februar 2021	Vedtak av planen i TS / FO / KS og utsending til instansar	Sektorutvalet Formannskapet Kommunestyret
Februar 2021	Kunngjing av vedteken kommunedelplan	Tekn.etat

Kommunedelplan for Trafikktrygging og samferdsle vil innehalde:

- ❖ **Rammevilkår, status og målsetjingar**
- ❖ **Tiltak og prioriteringar**
- ❖ **Vedlegg (kartvedlegg og kostnadsoverslag m.m.)**